

IST - retningslinjer og satsar for kursstøtte

Overordna målsetjing og prinsipp: IST vil gje økonomisk støtte til relevante og prioriterte kurs for turleiarar, tillitsvalde og medlemmer i samsvar med gjeldande budsjett, handlingsplan og årlege prioriteringar.

IST vil kvart år ha ein naturleg behov for utdanning av turleiarar. Til dømes:

- ambassadør-/ turleiar-/sommarturleiar-/ vinterturleiar-kurs etter turleiarstigen frå DNT
- kurs i førstehjelp

og **nisjekurs** (spesialiserte kurs) for nokre få for å sikre samla og ”tverrfagleg” kompetanse.

Støtte til kurs vert berre utbetalt ved søknad til Indre Sunnfjord Turlag.

Ved all kursstøtte er det eit minstekrav at den som får støtte **er medlem av IST/DNT**, eller at vedkomande **teiknar medlemsskap parallelt med søknaden om kursstøtte**.

Den som mottar støtte frå IST pikter å vera med som turleiar. J.f villkår knytt til kvart kurs.

1. DNT Turlederstigen

Type kurs	1.1. DNT grunnleggende turleiar kurs
Tilskot	100 % av kursavgift, overnatting og turleiarbok.
Vilkår 1:	Deltakar søker til styret minst 1 mnd. før kurset.
Vilkår 2:	Plikter å vere turleiar/medturleiar 2 turar det påfølgjande året.
Vilkår 3:	Gjennomført DNT sitt ambassadørkurs via internett.

Type kurs	1.2. DNT sommarleiar kurs
Tilskot	100 % av kursavgift og overnatting.
Vilkår 1:	Deltakar søker styret minst 1 mnd. før kurset.
Vilkår 2:	Deltakar skal ha gjennomført ambassadør og grunnleggjande turleiar kurs og må forplikte seg til å leie (minst) 1 sommartur i året, i dei 2 påfølgjande åra.

Type kurs	1.3. DNT vinterturleder kurs
Tilskot	100 % av kursavgift og overnatting.
Vilkår 1:	Deltakar søker styret minst 1 mnd. før kurset.
Vilkår 2:	Deltakar skal ha gjennomført både ambassadør, grunnleggjande turleiar kurs og sommarturleiar kurs. Deltakar forpliktar seg til å leie (minst) 2 vinterturar i året, i dei 2 påfølgjande åra.

2. Andre relevante kurs

Type kurs	2.1. Brekurs – førstegongs eller oppfriskningskurs
Tilskot	Etter nærare avtale/styrehandsaming
Vilkår 1:	Søknad minst 1 mnd. før kurset
Vilkår 2:	Etter nærare avtale/vedtak

Type kurs	2.2. NF godkjent skredkurs
Tilskot	100 % av kursavgift og overnatting.
Vilkår 1:	Deltakar søker styret minst 1 mnd. før kurset.
Vilkår 2:	Deltakar forpliktar seg på å leie (minst) 1 vintertur/ aktivitet i 2 påfølgjande år.

Type kurs	2.3. Andre relevante kurs
Tilskot	Etter nærare avtale/styrehandsaming
Vilkår 1:	Søknad minst 1 mnd. før kurset
Vilkår 2:	Etter nærare avtale/vedtak

Utkast	20.09.2007 (førebels drøfting i styret)
Revidert utkast	25.10.2007 (for endeleg vedtak i styret 30.10.2007)
Revidert	19.10.2010, 01.09.2022